

ÅRSPLAN

MONA BARNEHAGE



August 2023 – August 2026

Innhald

Føreord	3
1. Mona barnehage	4
1.2. Om oss.....	4
1.3. Verdigrunnlag og visjon.....	4
1.4. Satsingsområder	5
1.5. Praktisk informasjon.....	10
1.6. Årshjul	13
2. Til beste for barnet	14
2.2. Omsorg, danning, leik og læring	15
2.3. Mangfald og likestilling.....	17
2.4. Barns medverknad	18
3. Foreldresamarbeid og foreldremedverknad.....	20
4. Tverrfagleg samarbeid (PPT, BTI og andre).....	20
5. Pedagogisk leiing	21
6. Vaksenrolla	22
7. Fagområder.....	23
7.1. Kommunikasjon, språk og tekst.....	23
7.2. Kropp, rørsle, mat og helse.....	24
7.3. Kunst, kultur og kreativitet	26
7.4. Natur, miljø og teknologi	27
7.5. Mengd, rom og form.....	28
7.6. Etikk, religion og filosofi	29
7.7. Nærmiljø og samfunn	30
8. Overgongar	31
8.1. Heim-barnehage.....	31
8.2. Innad i barnehagen.....	31
9. Dokumentasjon og vurdering.....	33
10. Trygt lokalsamfunn.....	33

Føreord

Årsplanen er eit overordna dokument og arbeidsreiskap for personalet i Mona barnehage, som dokumenterar og grunngjev vala vi tek i det pedagogiske arbeidet. Årsplanen skal vise korleis vi skal arbeide med føremålet og innhaldet i rammeplanen, korleis vi vektlegg og tenkjer progresjon, korleis foreldre og barn vert tekne med i planleggingsarbeidet og korleis barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn, samt sikrar samarbeid med skulen (Rammeplanen, 2017, s.37-38).

Utgangspunktet for vårt arbeid er *Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver* (2017) og *Lov om barnehagar* (2005). Det vert referert til desse i planen, for å synleggjere korleis vi arbeidar etter dette i det pedagogiske arbeidet.

I planen vert det òg refert til

- *Inkluderande barnehage- og skulemiljø i Gloppen* (2022)
- *Utviklingsplan for barnehagane i Gloppen kommune 2020-2024*
- *Barns språkutvikling* av Anne Høigård (2006)

Årsplanen er fastsett av samarbeidsutvalet og gjeld for august 2023 – august 2026.



1. Mona barnehage

1.2. Om oss

Mona barnehage er ein 6 avdelingsbarnehage fordelt på 2 hus som vi skil ved namna «Vestsida» og «Austsida» ut frå kva side av vegen du finn oss på. Barnehagen er kommunal og ligg svært sentralt til. Rett utanfor gjerdet har vi eit unikt nærområde som byr på store moglegheitar for tur og fysisk utfolding som mellom anna klatrepark, sykkelbane, kunstgrasbane og kaldhall. I tillegg har vi kort avstand til fasilitetar som mellom anna bibliotek, skule, trivselshall, museum, kommunehus, sentrum og Trivselsskogen.

Vestsida	Austsida
Seljeknoppen 1-3 år	Bjørkekvesten 3-6 år
Rognebæret 1-3 år	Furutoppen 3-6 år
Eikenøtta 1-3 år	
Lønnebladet 3-6 år	
Hovudkontor i 2.etasje	



Mona barnehage - vestsida



Mona barnehage - austsida

1.3. Verdigrunnlag og visjon

Barnehagen si pedagogiske verksemd byggjer verdigrunnlaget forankra i barnehagelova og rammeplan for barnehagen. Barnehagelova §1 seier at «barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet – verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane». Rammeplanen (2017) seier at barnehagen skal «møte individet sitt behov

for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet».

Barnehagen er ein stor del av livet til barna som går her. Mona barnehage skal arbeide for å ha ein **helsefremjande** og **førebyggjande** funksjon. Barnas fysiske og psykiske helse er viktig for oss og skal fremjast i barnehagen. Saman skal vi bidra til å utjamne sosiale ulikskapar og bidra til at barna trivast, gjennom å gje dei opplevingar med livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi. Dette er **livsmeistring** i praksis.

Likestilling og **likeverd** er sentrale verdiar i Rammeplanen (2017) og vi arbeidar for at «alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap». Vi ser på mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og fremjar respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt.

Gjennom arbeidet vil vi møte borna som individ og ha respekt for barna si opplevingsverd. Slik bidreg vi til å støtte barna i utviklingsprosessar og leggje grunnlaget for eit godt liv.

Med dette som bakgrunn er visjonen til Mona barnehage; **i sentrum for framtida.**



1.4. Satsingsområder

Friskliv

Med friskliv som satsing ynskjer vi å setje fokus på **fysisk aktivitet**, **helse** og **naturopplevingar**. Vi vil bidra til å gje barna gode haldningar til eit friskt liv.

For å skape slike gode haldningar vil vi støtte barna i å vere naturleg aktive for å utvikle god motorikk, oppleve meistring og trivsel. Aktivitetar som fremjar rørsle er difor ein stor del av vår kvardag. Slike aktivitetar kan vere leik på puterom, leik i klatreparken, korte eller lange gåturar i naturen, utforsking i tre og klatrestativ, og sykling på uteleikeplassen.

Gjennom **gode matvanar** vil vi skape sunne haldningar saman med barna. Vi er bevisst på å la barna delta i førebuing av mat og måltid, få smake ulike typar mat, skape ei god atmosfære

kring måltidet og ha fokus på gode vanar knytt til både måltid og maten vi et.

Vi tilbyr barna smørjemåltid med brød og variert pålegg, frukt og grønt og varm mat. Vi har kjøkkenhagar der vi sår grønnsaker og har bærplantar, og kan forsyne oss direkte derfrå når tida er inne.


Rett utanfor gjerdet finn vi fantastisk natur som skal utforskast. Dette gjev barna gode **naturopplevingar**. Vi nyttar dei moglegheitane nærområdet gjev oss med fotballbane, sykkelbane, klatrepark, Myra med grillhytte, Trivselsskogen, sauer på Eide, Trollskogen og andre skogar. El-sykel med passasjerkasse bidreg òg til varierte opplevingar av fysisk aktivitet og naturen. Barnehagen sitt eige område legg godt til rette for fysisk utfolding.



Språk

Språket er vårt viktigaste reiskap for å gjere oss forstått, danne relasjonar, tileigne oss kunnskap og mykje meir. Språk er eit av barnehagen sine satsingsområder, og vi vil bidra til å ruste barna godt språkleg. Dette skal vi gjere ved å gje barna tidleg og god **språkstimulering**. Dei vaksne i barnehagen sikrar god språkstimulering gjennom å vere nær, gje barna rike og varierte erfaringar med språket, setje ord på gjenstandar og gje barna omgrep for opplevingane og erfaringane sine. Vi har fokus på å vere gode **språklege rollemodellar** for barna. Dei vaksne skal tilpasse språket til sin samtalepartner, som er barnet, og denne tilpassinga skal endre seg i takt med barnet sin aukande alder (Høigård, 2006). Vi har tru på at **førstehandserfaringar** er viktige for utviklinga av språket, og brukar difor konkretar i formidling av eventyr og forteljingar. Førstehandserfaringar er alle direkte sanseerfaringar, som å sjå, lytte, lukte, smake, ta på og føle. Å oppleve ting direkte, dannar det beste grunnlaget for å utvikle stabile og gode omgrep. Saman med vaksne som set ord på alle erfaringane barnet gjer seg, kan barnet utvikle eit **godt språkleg fundament** (Høigård, 2006).

Isfjellmodellen illustrerer dette (Cummins, 1984):




Daglegtale (overflateferdigheitar)

Underliggende språkleg fundament →
omgrep, erfaringar, ferdigheitar,
kunnskapar, læringsstrategiar, kjenslar,
tidlegare opplevingar osv.

Illustrasjonen viser at daglegtale berre er 20% av språkkompetansen vår. Barnehagen arbeidar særleg for å støtte barna i deira utvikling av dei resterande 80% - då dette er det aller viktigaste for eit godt, funksjonelt språk.

Tiltak for god språkstimulering:

- ❖ Vaksne som gode språklege rollemodellar
- ❖ Vaksne som set ord på barnas erfaringar
- ❖ Førstehandserfaringar
- ❖ Rim, regler og rytme
- ❖ Leik med språket
- ❖ Boklesing, eventyr og musikk
- ❖ Undrande dialogar saman med barna
- ❖ Tilpassa språk til mottakaren
- ❖ Allsidig leik
- ❖ Fleirspråklegheit som ressurs
 - vi kan lære av kvarandre,
 - uttale nye ord og lydar,
 - skape nysgjerrigheit for
 - kvarandre sitt språk.



Vennskap og samhold

Å få delta i leik og vere ein del av fellesskapet er viktig for barna sin trivsel.

Barnehagen skal difor legge til rette for at barna får tid og rom til å utvikle relasjonar og oppleve at dei er ein viktig del av fellesskapen. Den frie leiken er ein god arena for å oppleve vennskap, relasjonar og fellesskap.

«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel» (Rammeplanen, 2017). I barnehagen legg vi til rette for at barna skal få utvikle sin sosiale kompetanse gjennom positive samspel med både barn og vaksne og få oppleve at dei er viktige for fellesskapet. Å meistre balansegangen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre er ei utfordring vi har fokus på å støtte barna i.

Mona barnehage vektlegg omgrepet «**barnehagevenn**». I barnehagen er alle barnehagevenner og like viktige delar av vårt fellesskap. Barna vil oppleve at relasjonar er ulike og nokre sterkare enn andre, men vi ynskjer at alle opplev seg som barnehagevenner. Gjennom dette arbeidar vi samstundes med å støtte barna si utvikling av sjølvkjensle, førebyggje utestenging, mobbing og krenkingar. Barnehagen er forplikta til å oppdage og iverksetje tiltak dersom eit barn ikkje har det bra (jmf. Barnehagelova §41-42). Gjennom relasjonskartleggingar gjennomført av personalet og barna sjølv (3-6 år), samtale med barn og foreldre, og observasjonar i kvardagen sørgjar vi for å kunne oppdage dette (jmf. handlingsplan i *Inkluderande barnehage- og skulemiljø i Gloppen*, 2022). Gjennom arbeidet med inkluderande barnehagemiljø dei siste åra har vi fått auka fokus på å utvikle eit trygt barnehagemiljø for alle barn. Vi prioriterar å bidra til å fremje positive omgongsformer mellom barna og at barna skal oppleve meistring knytt til egne evner og seg sjølv som barnehagevenn (*Inkluderande barnehage- og skulemiljø i Gloppen*, 2022).

For å bidra til utviklinga av sosial kompetanse og eit trygt barnehagemiljø, vil vi:

- ❖ Støtte barna sine initiativ til samspel, og i pågåande leik
- ❖ Legge til rette for at alle får oppleve vennskap og lære å ta vare på venner
- ❖ Støtte barna i å ta andre sitt perspektiv og reflektere over egne og andre sine kjensler
- ❖ Støtte barna i å setje grenser for seg sjølv og respektere andre sine grenser
- ❖ Støtte barna i å finne løysingar og dersom uheldige samspelsmønster oppstår





1.5. Praktisk informasjon

Høgtidsmarkering

Høgtider er ein viktig del av kulturen vår og noko vi markerar i barnehagen. I Mona barnehage er vi berika med eit mangfald av livssyn og kulturar. Dette ynskjer vi skal syne att i høgtidene vi markerar. Vi ynskjer at barna «får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen» (Rammeplanen, 2017). Med utgangspunkt i dette markerar vi dei kristne høgtidene som jul og påske, samt viktige høgtider i religionane som til ei kvar tid er representert i barnehagen. Ramadan er ei høgtid som er viktig for mange, som vi markerar ved mellom anna å samtale om kva det inneber, sjå på bileter/videoar og la dei barna som ynskjer fortelje noko heimafrå. Jul er den høgtida som er viktigast kulturelt sett i den kristne trua, og vi brukar store delar av desember til ulike advent- og juleaktivitetar. Mellom anna har vi faste adventssamlingar, nissefest, kyrkjebesøk (for barn 3-6 år) og vi lagar diverse julebakst.

Ved å markere ulike høgtider bidreg barnehagen «til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrslø» (Rammeplanen, 2017).



Bursdagsmarkering

Å ha bursdag er stort for alle barn. Vi ynskjer å gjere stas på barna denne dagen.

Bursdagsmarkeringa vert gjennomført i barnehagen sin regi der barnet får krone og vert gjort stas på ved ulike aktivitetar.

Bursdagsfeiring føregår utanfor barnehagen sin regi, og vi ynskjer ikkje at invitasjonar vert delt ut i barnehagen/barnehagetida. Det er kjekt for barna å feire dagen sin, og vi vil vere behjelpelege med telefonnummer til føresette dersom det er ynskeleg. Vi oppmodar om at de ved feiring tenkjer på kven ein inviterar og sørgjar for at alle er inkludert, ved at ein inviterar alle frå same avdeling, delar etter kjønn eller årskull. I tillegg oppmodar vi foreldra om å kommunisere om ved kva alder ein ynskjer å starte med bursdagsfeiring, slik at det vert likt for alle barn og ingen kjenner på press for å gjennomføre noko dei ikkje ynskjer.

El-sykkel

Mona barnehage er stolt eigar av ein el-sykkel med passasjerkasse til 4 barn. Med bruk av sykkelen følgjer det sikkerheitsrutinar: barn og vaksne skal alltid ha på hjelm og barna nyttar sikkerheitsbelte i passasjerkassa. Sykkelen nyttar vi til turar i nærmiljøet og den gjev oss moglegheit for turmål lenger unna barnehagen. Dette bidreg til at vi kan arbeide etter Rammeplanen (2017) sitt mål om at «gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda» på ein effektiv og spanande måte. På sykkelen får barna visuelle opplevingar med alt ein sykklar forbi, noko som gjev barn og vaksne unike moglegheitar for samtalar basert på barna sine interesser der og då. Å sitte i passasjerkassa gjev i tillegg erfaringar med fart og balanse på ein annleis måte.



Sjukdom

Sjukdom i barnehagen oppstår med jamne mellomrom. For å unngå store smitteutbrot blant barn og personale har Mona barnehage nokre felles reglar for handtering av sjukdom.

Ved **omgongssjuka** med oppkast eller diarè praktiserar vi 48 timars karantene etter sist tilfelle. Dette tyder i praksis at barnet må vere heime minimum 48 timar etter siste oppkast/diarè. I tillegg må allmenntilstanden vere god og barnet må kunne delta i barnehagen sine aktivitetar.

Ved lettare sjukdom som **feber** og **forkjøling** er det viktigaste at barnet er feberfri og ved god allmenntilstand. Eit barn som har redusert allmenntilstand og ikkje kan delta i aktivitetar ila dagen, skal vere heime.

Andre smittsame sjukdomar som til dømes augekatar, brennkoppar, kikhoste, barnemark og barnesjukdomar har noko individuelle retningslinjer som bør drøftast med lege. For barnehagen er det viktig at smittereduserande behandling skal startast før barnet kjem tilbake og at væskande sår er tørka inn/under kontroll.

Vi oppmodar foreldre om å hugse på at ein barnehagedag kan vere krevjande for eit barn som har redusert allmenntilstand pga sjukdom eller nyleg gjennomgått sjukdom. Vi ynskjer at barnet skal ha gode dagar i barnehagen, der det kan vere ein aktiv deltakar i leik og aktivitet. Dette fordrar god allmenntilstand og eit visst energinivå. Vi ynskjer eit godt samarbeid slik at barna har utbytte av barnehagedagen, samstundes som vi ivaretek barnehagen sitt behov for smittereduksjon av evt. utbrot.

Elles


Anna praktisk informasjon om barnehagen får de i informasjonsskriv når barnet startar i barnehagen. Dette inkluderar mellom anna basistid, opningstid, planleggingsdagar det gjeldande året, måltid, bemanning, foreldreråd/samarbeidsutval.

Gloppen kommune si heimeside er til ei kvar tid oppdatert ang. planleggingsdagar og foreldrebetaling.

1.6. Årshjul

Som arbeidsdokument for dei tilsette i barnehagen har vi utarbeida eit årshjul med tilhøyrande progresjonsplan. Årshjulet inneheld tema for månadane og er ein illustrasjon på kva tema barna vil møte på gjennom eit barnehageår. Årshjulet dekkjer langt i frå alt vi er innom, men viser eit minimum av det vi legg opp til av temaarbeid. Personalet tek barnas ynskjer og interesser på alvor, og byggjer arbeidet på barna sin medverknad.


Progresjonsplanen som årshjulet er bygd på er eit detaljert dokument som dei tilsette nyttar til planlegging og evaluering av den pedagogiske verksemda. I progresjonsplanen finn dei tilsette mellom anna sitat frå Rammeplanen (2017), aktivitetar knytt til tema for månaden, eventyr og forteljingar, progresjonsmål etter alder og ei oversikt over faste hendingar.



2. Til beste for barnet

2.1. Tryggleik og tilvenning

Å byrje i barnehagen er stort for både barn og foreldre. For barna er dette den første store overgangen dei møter. Difor har vi dei første vekene ekstra fokus på tilvenning og tryggleik. I informasjonsskrivet til nye foreldre står det meir om korleis dette vert gjennomført praktisk sett. Det faglege grunnlaget for tilvenninga hentar vi frå COS-tankegongen (COS = Circle of security, på norsk kjend som tryggleikssirkelen). Tryggleikssirkelen er eit verktøy som hjelp oss til å forstå korleis vaksne i barnehagen kan auke sin bevisstheit kring barn sine behov, og korleis ein kan skape tryggleik, vise godheit, regulere barn sine kjensler og støtte barn til å utvikle vennskap. Tryggleikssirkelen hjelp oss vaksne til å forstå at barn sin gryande sjølvstendigheit og at all læring faktisk kviler på retten og moglegheita til å vere avhengig av vaksne. Vårt mål er å vere «**større, sterkare, klokare og god**» i møtet med barna (henta fra tilknytingspsykologane.no).



2.2. Omsorg, danning, leik og læring

Rammeplanen (2017) understrekar at omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast i barnehagen. Ein viktig del av barnehagen sitt arbeid handlar om å gje barna høve til å **utvikle tillit** til seg sjølve og andre, og sikre at barna opplev at dei vert sett, forstått og respektert. Barnehagen skal oppmode barna til å vere **prøvande** og **nysgjerrige**, og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i fellesskap. Vi vil bidra til at barna får forståing for felles verdiar og normar som er viktige for fellesskapet, og støtte barna i å **uttrykke synspunkt** og **skape mening** i den verda dei er ein del av. Leiken har, og skal ha, ein sentral plass i barnehagen. Vi anerkjenner leiken sin eigenverdi og vil skape gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. **Læring gjennom leik** er for oss ei grunnleggjande haldning. Difor vil vi sørgje for at barna opplev eit stimulerande miljø som støttar lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Vi skal anerkjenne, stimulere og legge til rette for nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst. I tillegg er det sentralt at barna får bruke heile kroppen og alle sansane i læringsprosessane sine.

For å ivareta barnas behov for **omsorg** skal vi i Mona barnehage:

- ❖ Leggje til rette for ei god tilvenning med fokus på enkeltbarnet sine behov ved til dømes å sikre ro på avdelinga, tid til barnet og foreldra, at alle barn har ein tilknytingsperson og gode overgongar mellom småbarns- og storbarnsavdeling
- ❖ Jobbe aktivt for at alle barn har god tilknytning til gruppa si – både barn og vaksne
- ❖ Praktisere tryggleikssirkelen i det daglege arbeidet (jmf. kap.2.1.)
- ❖ Ha oppstartsamtale med foreldra til alle nye barn og overgongssamtale mellom avdelingane ved internt avdelingsskifte
- ❖ Ha fokus på at vaksne er nær barna i leik og aktivitet

For å fremje **danning** skal vi i Mona barnehage:

- ❖ Ta oss tid til samtalar og refleksjon saman med barna om korleis vi er mot og med kvarandre, der ein fokuserar på det positive i samspel og vennskap
- ❖ Støtte barna i si identitetsutvikling og å våge å vere seg sjølve – alle skal erfare at dei er gode nok og verdifulle

- ❖ Nytte at vi er ulike til å gje barna allsidige og mangfaldige erfaringar; vi er eit fleirkulturelt fellesskap, vi likar ulike aktivitetar, vi er ulike vaksne og ulike barn, men vi er eitt sosialt fellesskap
- ❖ Ha fokus på å respektere kvarandre
- ❖ Respektere naturen og dens verdifulle liv
- ❖ Verte trygge på å setje grenser for eigen kropp og respektere andre sine grenser
- ❖ Anerkjenne kjensler og setje ord på erfaring og opplevingar barna gjer seg
- ❖ Sørgje for at alle barn kjenner meistring på ulike områder

For å ivareta barnas behov for **leik** skal vi i Mona barnehage:

- ❖ Legge til rette for leik ved at dei vaksne legg fram leikeutstyr og lagar miljøet innbydande for leik og kreativ utforsking, samt skiftar ut leikemateriell etter barna sine interesser og tema ein arbeidar med
- ❖ Legge til rette for at temaarbeid (til dømes brannvern, klima, ulike eventyr og høgtider, årstider) vert tatt med inn i leiken og det fysiske leikemiljøet
- ❖ Verne om barna sin eigen initierte leik ved å la planlagde aktivitetar utgå
- ❖ Ha vaksne som er aktive og deltakande i uteleiken
- ❖ Ha vaksne som er observante på barna sin leik og sikrar at alle har leikekameratar
- ❖ Legge til rette for at leiken høyrer heime overalt, også på turar i skog og mark




For å fremje **læring** skal vi i Mona barnehage:

- ❖ Tenkje «læring gjennom leik» i alle aktivitetar – læring skal vere lystbetont og leikande, gjerne med bruk av heile kroppen
- ❖ Leike oss til kunnskap – rolleleik, konstruksjonsleik, uteleik, regelleik, tumleleik
- ❖ Ha eit variert og stort utval bøker tilgjengeleg for barna som vi les saman, har samtalar om og som barna kan bla i sjølv
- ❖ Ha samlingar med variert innhald, tilpassa barna sin alder og modning
- ❖ Arbeide med Tarkus og Trampoline siste året før skulestart
- ❖ Gjere eksperiment, utforske og forske på ulike fenomen
- ❖ Ha tilstadeverande vaksne som kan utvide, støtte og bidra i barna si læring

2.3. Mangfald og likestilling

Mona barnehage jobbar for å ha ei ressursorientert tilnærming til **mangfald**. Vi arbeider ut frå plan for mangfald og samhald, ein kommunalt utarbeidd plan som seier noko om kva teorigrunnlag vi kan gå ut frå for å forstå og anerkjenne kvarandre. I arbeidet med ei ressursorientert tilnærming til mangfald er vi nysgjerrige og interesserte i alle barna sine **individuelle ulikskapar**. At barna snakkar fleire språk, har tilhøyrgheit til fleire land, har ulike livssyn, kulturar og tradisjonar, og høyrer til ulike familiar er spennande element vi i Mona barnehage møter med openheit. Inkludering i leik er eit viktig element i kvardagen og vi legg til rette for felles leikeerfaringar og leik i mindre grupper med god vaksentettheit. Leiken har stor eigenverdi for barna, og vi tilrettelegg for at alle skal få delta og at mangfaldet vert verdsatt også her. Med ulike erfaringar og opplevingar har ein ulike element å bidra med i leiken. Dette er verdifullt for fellesskapet.

I barnehagen skal alle ha like moglegheitar til å verte sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar (Rammeplanen, 2017). Personalet i Mona barnehage er bevisste si rolle som førebileter og reflekterer over eigne haldningar for å best mogleg formidle og fremje **likeverd og likestilling**. I juni markerar vi PRIDE som er ei fin anledning til å ha ekstra fokus på mangfald og kjærleik. Ordet «pride» kjem frå det engelske ordet for **stoltheit**. Barnehagen ynskjer at alle barn skal oppleve at dei kan vere stolte av den dei er, kvar dei kjem frå og den familien dei er ein del av, vi vil «bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet» (Rammeplanen, 2017). Dette er i fokus når vi markerar PRIDE.

Sudan			
Fakta HOVEDSTAD: Khartoum HOVEDSTAD SØR-SUDAN: Juba OFFISIELT SPRÅK: Arabisk NASJONALDAG: 1. januar STYREFORM: Islamsk Republikk RELIGION: Islam HEI: مرحبا (marhabaan)	Barn i Sudan 	Pyramide 	Gull Viktig naturressurs og inntektskilde 
Kart 	Pyntet til fest Bryllup i Sudan 	Hus i Sudan 	Sjiraff 
Flagg 	Kisra Tynt pannekakebrød 	Nilen Verdas lengste elv renner gjennom Sør-Sudan 	Hamadrysbavian 





JUNI ER PRIDE-MÅNED


- Alle barn er like mye verdt
- Alle barn har rett til å være seg selv
- Alle barn har rett til å elske den de vil
- Alle barn har rett til å bli hørt
- Ingen barn skal diskrimineres
- #barndombetryalt

2.4. Barns medverknad

Rammeplanen (2017) seier at barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synast om den daglege verksemda i barnehagen. Dette skal vi gjere gjennom å vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane og dei individuelle føresetnadane og behova til barna.

For å sikre at alle barn får nytta sin rett til medverknad skal vi i Mona barnehage:

- ❖ Byggje vidare på barna sine innspel og interesser i aktivitetar, leik og temaarbeid
- ❖ Sikre at dei vaksne set rammer med rom for barna sin medverknad, til dømes knytt til turmål, temaarbeid, val av bøker, aktivitetar og leik, og anerkjenne barna sine ynskjer
- ❖ Innreie rom og leikemiljø basert på barnegruppa sine interesser og leikeynskjer
- ❖ Undre oss saman med barna, vere nysgjerrige og lyttande
- ❖ Ha bevisste vaksne som tenkjer over sitt eige kroppsspråk og korleis ein møter barna sine initiativ, ynskjer og behov
- ❖ Tilpasse grad av medverknad ut frå barna sin alder og modning. Dei vaksne skal observere og vere merksame på alle barn, slik at alle kan løftast og støttast til å medverke i sin kvardag
- ❖ Anerkjenne barna sine ynskjer og behov, sjølv om ikkje alt let seg gjennomføre. Vi skal sikre at barna vert tatt på alvor og får ei evt. forklaring på kvifor det ikkje er gjennomførbart





3. Foreldresamarbeid og foreldremedverknad

Å legge til rette for god dialog og eit godt foreldresamarbeid, der barnehagen ivaretar foreldra sin rett til medverknad er viktig for oss (Rammeplanen, 2017). At det er tillit mellom barnehagen og foreldra er viktig for barna sine utviklingsmoglegheitar. Vi jobbar med å sikre ein god relasjon til heimen, gjennom til dømes oppstartsamtale når barnet først startar i Mona barnehage. I kvardagen tek vi oss tid til god dialog med foreldra der ein kan utveksle informasjon om barnet. Barnehagen arrangerar to foreldremøter i året, der det er rom for og ynskje om innspel frå foreldra. Alle foreldre vert invitert til foreldresamtale om eige barn. I foreldresamtalar tilbyr vi alltid telefontolk, slik at dei som vil kan nytte morsmålet sitt. Valde foreldre vert kalla inn til møte i samarbeidsutvalet (SU). Vi oppmodar foreldra om å nytte foreldrekontaktene og SU ved behov.

4. Tverrfagleg samarbeid (PPT, BTI og andre)

Barnehagen er gjennom rammeplanen (2017) og barnehagelova forplikta til å tilretteleggje det allmennpedagogiske tilbodet til barnet sine behov. Rammeplanen (2017) skriv at «barnehagen skal sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod». I dei tilfella der tilrettelegging innafor det allmennpedagogiske ikkje er tilstrekkeleg, søker vi saman med foreldra om støtte frå andre instansar. Barnehagelova forpliktar barnehagen til å gje eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod for barn som har behov for dette. Barnehagen og foreldra går saman om å søkje om ressursar til slik tilrettelegging.

Gloppen kommune har ei pedagogisk psykologisk teneste (PPT) som skal hjelpe barnehagen i arbeidet med å betre legge til rette det pedagogiske tilbodet for barn med særlege behov. «PP-tenesta samarbeider med foreldre/føresette, barnehagar og skular om å leggje forholda best mogeleg til rette for at barn og unge skal få lære og utvikle seg så godt som råd utifrå sine føresetnader og behov» (frå gloppen.kommune.no).

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein samhandlingsmodell som skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenestene retta mot barn, unge og familiar ein er uroa for. I modellen ligg handlingsretteleiar og verktøy for tidleg identifisering og samhandling. Målet med BTI er å sikre tidleg innsats, samordna tenester utan oppfølgingsbrot og tidleg foreldreinvolvering. Meir informasjon om BTI finn de på gloppen.kommune.no.

5. Pedagogisk leining

Utviklingsplan for barnehagane i Gloppen kommune seier om pedagogisk leining at «dei tilsette sin kompetanse er den viktigaste enkeltfaktoren for å sikre barna god trivsel og utvikling» og at «styrar og pedagogisk leiar har ei nøkkelrolle for utviklinga av kvalitet i barnehagen». For å sikre dette arbeider vi med kvalitetsprogrammet «resultatleining». Dette er eit program der alle barnehagane i kommunen saman vel eit aktuelt tema å arbeide med over ein halvtårsperiode. Temaet vert bearbeidd, prosessert og tilpassa i kvar barnehage og avdeling til det vi omtalar som «beste praksis». I arbeidet med å finne sin beste praksis har pedagogisk leiar hovudansvaret for prosessen – noko som gjer at leiaren må halde seg fagleg oppdatert, kjenne sine medarbeidarar, vere engasjert og positiv, og motivere alle medarbeidarar i arbeidet. Beste praksis vert utarbeidd ut frå ein standard som ein minimum skal oppnå eller vere betre enn. Slik får personalet i avdelingane noko konkret å arbeide mot og alle har same mål i arbeidet sitt – dette bidreg til å sikre kvalitet i barnehagen, og det er pedagogisk leiar som har hovudrolla i kvalitetsarbeidet.

Døme på standard, indikator og beste praksis:

Standard: Det er god kvalitet i det pedagogiske arbeidet for språkstimulering i uteleiken når	
Indikator: (kvalitetsmål)	Alle barn er språkleg aktive
Beste praksis:	For å sikre at alle barn er språkleg aktive skal eg som medarbeidar: - Oppmuntre alle barn til å delta aktivt språkleg - Presentere eit eventyr ved frukost på tur dagar - Bruke konkretar for å hjelpe barn til å gjenfortelje

I dette dømet er fokusområdet «kvalitet i det pedagogiske arbeidet for språkstimulering i uteleik». Indikator er kvalitetsmålet som ein skal finne konkrete arbeidsmåtar for å nå. Beste praksis arbeidar kvar avdeling ut for å sikre at indikator og standard vert oppnådd. Dei utarbeider heilt konkrete punkt som vert arbeidsmål alle medarbeidarane skal jobbe etter i barnehagekvardagen.

6. Vaksenrolla

I Mona barnehage er vi opptekne av korleis vi som vaksne er i møte med barna. Vi tek oppgåva som rollemodellar på alvor, og tenkjer at vår veremåte har mykje å seie for barna sin trivsel og utviklingsmoglegheitar.

I møte med barna skal vi vere:

- | | |
|--------------------------|--------------------|
| ❖ Omsorgsfulle | ❖ Lyttande |
| ❖ Engasjerte | ❖ Anerkjennande |
| ❖ Trygge | ❖ Entusiastiske |
| ❖ Blide og ha godt humør | ❖ Interesserte |
| ❖ Imøtekomande | ❖ Nysgjerrige |
| ❖ Leikande | ❖ Forståelsesfulle |
| ❖ Empatiske | ❖ Observante |
| ❖ Kreative | ❖ Trøstande |
| ❖ Undrande | ❖ Sensitive |
| ❖ Reflekterande | ❖ Rolige |



Engasjerte og leikande vaksne – det fremjar trivsel hos barna!

7. Fagområder

7.1. Kommunikasjon, språk og tekst

Fagområdet forpliktar barnehagen til å arbeide for at barna skal få utforske og utvikle **språkforståing, språkkompetanse** og eit mangfald av **kommunikasjonsformer**.

Gjennom arbeidet med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna:

- ❖ Vert introdusert for sentrale ord knytt til temaarbeid
- ❖ Får kjennskap til ulike eventyr og forteljingar med tilhøyrande konkretar
- ❖ Opplev spenning og glede i møte med biletbøker, barnebøker, song, rim og regle, og ulike spel
- ❖ Får leike med og utforske språk, bokstavar og skrivning
- ❖ Får uttrykke sine kjensler, meiningar og erfaringar på sin eigen måte

For å nå måla skal personalet:

- ❖ Velje ut nøkkelord som ein arbeider med i kvardagen
- ❖ Setje ord på barna sine kjensler og handlingar, og bekrefte deira uttrykksformer
- ❖ Sørge for at barnelitteratur, song, rim og regle er oppdatert og i tråd med temaarbeid
- ❖ Vere aktivt tilstades i daglege samtalar med borna
- ❖ Legge til rette for utforsking og leik med språket; munnleg og skriftleg

(Rammeplanen, 2017)

PROGRESJONSMÅL – kommunikasjon, språk og tekst	
1-2 år	Leike seg med lydar og ape etter andre, tøyse med ord og lydar Bli kjend med enkle eventyr Verte kjend med egne og andre sine ansiktsuttrykk
3-4 år	Verte kjende med kjensler og at ansiktet/kroppen kan fortelje kva vi føler Dialogferdigheiter (helse, starte ei samtale, vente på tur, spørje osv) Verte kjend med under- og overkategoriar i språket (døme: dyr-husdyr-hund)
5-6 år	Høyre likskap og skilnadar på lydar og ord Lage egne rim, og utforske skriftspråket Kommunisere utan ord og bruke kommunikasjon for å løyse konflikter

7.2. Kropp, rørsle, mat og helse

Barnehagen vil legge til rette for at barna opplev **rørsleglede**, matglede, sosialt og mentalt **velvære** og fysisk og psykisk **god helse** (Rammeplanen, 2017). Dette tilrettelegg vi for gjennom å skape gode vanar og handlingsmønster. «Gode vanar kan vare livet ut» skriv Rammeplanen (2017). Med dette som utgangspunkt skal vi arbeide for at alle barn vert inkludert i aktivitetar som fremjar rørsle, at alle deltek i leik og samhandling med andre og at alle får oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnadar. Slik vert barna kjende med eigen kropp og kroppslege grenser.

Gjennom arbeid med kropp og rørsle skal barnehagen bidra til at barna:

- ❖ Opplev rørsleglede ved allsidige erfaringar
- ❖ Opplev meistring i kvardagen
- ❖ Opplev uteglede uansett vêr
- ❖ Lærer å setje grenser for eigen kropp og å respektere andre sine grenser

For å nå måla skal personalet:

- ❖ Variere utfordringane ein gjev barna som t.d. klatreparken, sykkelbana, tur, dans o.l.
- ❖ Gje utfordringar tilpassa det einskilde barnet, støtte og gje positive tilbakemeldingar
- ❖ Rettleie barna under påkleding og legge til rette for meistring ved å «klare sjølv»
- ❖ Vere gode rollemodellar og støtte barna i forhold til kroppslege grenser, nytte t.d. rollespel for å illustrere grensesettjing kring eigen kropp

(Rammeplanen, 2017)

PROGRESJONSMÅL – kropp, rørsle, mat og helse	
1-2 år	Erfare is, vatn og snø med sansane Oppleve meistring ved fysisk aktivitet ute og på tur i nærmiljøet Lære seg å vaske henda før måltid
3-4 år	Oppleve glede ved å vere ute uansett vêr Verte meir sjølvhjelpete i påkleding Tore å smake på ny mat og vere nysgjerrig på ulike matvarer
5-6 år	Verte kjende med eigen kropp i aktivitetar inne og ute Lære å setje grenser for eigen kropp og å respektere andre sine grenser Verte kjende med kvar maten vår kjem frå og gangen i tilbereding av eit måltid

Matglede er sentralt for å skape gode vanar. Difor let vi barna medverke i mat- og måltidsaktivitetar, slik at dei vert motiverte for å smake nye smakar, ete sunn mat, og få ei grunnleggande forståing for korleis sunn mat bidreg til god helse. Barna skal få erfaringar med korleis vi lagar maten heilt frå den vert hausta til den står ferdig på bordet. Dette bidreg grønsakshagane våre til, saman med matressursar i nærleiken som plome- og epletre.

Gjennom arbeid med mat og helse skal barnehagen bidra til at barna:

- ❖ Får tilbod om eit sunt og variert kosthald
- ❖ Vert presentert for ulike smakar
- ❖ Lærer gode og sunne matvanar
- ❖ Lærer god hygiene

For å nå måla skal personalet:

- ❖ Sørge for at hovudmåltidet tilbyr barna eit variert utval av pålegg, tilby barna frukt og grønsaker kvar dag og lage variert varmmat ila ein månad
- ❖ Vere gode rollemodellar og ha fokus på bordskikk, hjelpsamheit og i å skape ei positiv atmosfære kring måltidet

(Rammeplanen, 2017)



7.3. Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen vil støtte barna i å vere aktive og skape egne kunstneriske uttrykk, og legge til rette for samhøyrslse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve kunstneriske og kulturelle uttrykk. Fagområdet omfattar uttrykksformer som biletkunst, kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Personalet si viktigaste oppgåve er å stimulere til **nysgjerrigheit**, utvide barna si **forståing** og bidra til **undring**.

Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna:

- ❖ Får bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede ved bruk av ulike materialer
- ❖ Får uttrykke seg gjennom musikk, dans og drama
- ❖ Delta på kulturelle aktivitetar i nærområdet
- ❖ Får kjennskap til den norske kulturarva

For å nå måla skal personalet:

- ❖ Legge til rette ved å gje tid, rom og tilby ulike materialer til barna
- ❖ La barna få lytte til ulike typar musikk, legge til rette for danseglede og dramatisering
- ❖ Presentere den norske kulturarva gjennom t.d. songleikar, musikk, rim, regler, bøker og eventyr

(Rammeplanen, 2017)



PROGRESJONSMÅL – kunst, kultur og kreativitet	
1-2 år	Bruke snø, is og vatn som material i lek og forming Verte kjend med rytmeinstrument og skape musikk sjølve Besøke og utforske museumsområdet Jølet
3-4 år	Leike kjende eventyr i rolleleik (byrjande dramatisering) Bli kjend med naturmateriell som konglar, pinnar og snø i forming og kreativitet Verte kjende med ulike musikksgangrar, inkl. lokal musikk
5-6 år	Delta i dramatisering av eventyr og formidle til eit publikum Nytte ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykke seg Formidle song, rim, regler, vitsar og gåter

7.4. Natur, miljø og teknologi

Barnehagen skal bidra til at barna vert glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Vi vil legge til rette for at barna får eit mangfald av **naturopplevingar** og får **oppleve naturen som arena for leik og læring**, uansett årstid og vær. Vi vil gje barna erfaringar i å bruke teknologi og reiskapar.

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna:

- ❖ Vert glade i naturen og dyra, insekt og fuglar som lever der
- ❖ Får kjennskap til bærekraftige levemåtar gjennom t.d. kjeldesortering, søppelplukking i naturen, gjenbruk og energisparing
- ❖ Får kjennskap til ulike reiskapar og teknikkar for utforsking og eksperimentering både ute og inne
- ❖ Kan utforske livet i naturen med ulike reiskapar og teknikkar

For å nå måla skal personalet:

- ❖ Ta med barna på gardsbesøk
- ❖ Vere nysgjerrige på naturen sitt mangfaldige dyreliv
- ❖ Legge til rette for at barna kan studere naturen gjennom t.d. forstørrelsesglass
- ❖ Ha litteratur, bileter og oppslagsverk tilgjengeleg
- ❖ Ta seg tid til å stoppe opp og undre seg ute i naturen
- ❖ Bruke ipad og kamera for å undre seg over fenomen i naturen

(Rammeplanen, 2017)

PROGRESJONSMÅL – natur, miljø og teknologi	
1-2 år	Oppleve læring og meistring i naturen Verte kjend med lille larven aldri mett og forvandlinga til ein sommarfugl Oppdage småkryp i naturen
3-4 år	Verte kjend med livet i naturen og oppdage naturen gjennom lupe Lære namn på dyr/insekt/plantar Verte kjende med prinsippa bak kjeldesortering – vere miljødektektivar
5-6 år	Utforske moglegheitar ulike verktøy og teknologi gjev for utforsking Kjenne til naturen rundt oss; vite kva insekt, dyr, tre, plantar o.l. som lever her Få kjennskap til ikt som reiskap for å dokumentere prosessar og arbeid

7.5. Mengd, rom og form

Å oppdage, utforske, skape strukturar og hjelpe barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet er sentralt i arbeidet med fagområdet. Barnehagen skal tilrettelegge for at barna kan **utforske** og **oppdage** matematikk i dagleglivet, og arbeidet med fagområdet skal stimulere barna til **undring**, **nysgjerrigheit** og **motivasjon** for problemløysing.

Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna:

- ❖ Får kjennskap til ulike geometriske former
- ❖ Vert kjende med tal, storleikar og mengder
- ❖ Får kjennskap til romforståing t.d. gjennom å kunne skilje mellom ulike preposisjonar
- ❖ Vert løysingsorienterte når dei møter utfordringar, som t.d. når dei ikkje rekk opp

For å nå måla skal personalet:

- ❖ Fortelje og dramatisere eventyra Bukkane bruse, Gullhår, Geitekillingen og Dei tre små grisane
- ❖ Bruke samlingsstund til å snakke om og vise tal, former og mengder
- ❖ La barna vere delaktig i matlaging og få forståing for mengder
- ❖ Bruke formingsaktivitetar, lego, puslespel og andre brettspel til å utvide matematikkforståinga
- ❖ Gå turar og vere merksam på former, antal og storleikar i naturen

(Rammeplanen, 2017)

PROGRESJONSMÅL – mengd, rom og form	
1-2 år	Få erfaring med tal, former og konstruksjonsleik Verte kjend med tala 1-5, enkle storleiksforhold og enkle preposisjonar Bruke puterommet til å øve seg på probemløysing
3-4 år	Få betre forståing for tall og å bruke teljefinger Bruke preposisjonar i forklaringar og daglegtale Øve seg på å beregne avstand
5-6 år	Samanlikne, sortere og kategorisere ting i kvardagen etter ulike kjenneteikn Vere løysingsorientert i møte med utfordringar Gå på jakt etter naturens former, tal og mengder

7.6. Etikk, religion og filosofi

Rammeplanen (2017) skriv at etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og det pregar våre **verdiar**, **normer** og **haldningar**. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og for livsverda og levesettet til alle menneske. Vi skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn.

Gjennom arbeidet med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna:

- ❖ Får kjennskap til den enkelte sine likskapar og ulikskapar, og slik få forståing og respekt for kvarandre
- ❖
- ❖ Vert kjend med dei ulike religionane som er representert på si avdeling
- ❖ Får undre seg over små og store spørsmål

For å nå måla skal personalet:

- ❖ Gjere barna kjend med FN's barnekonvensjon
- ❖ Samarbeide med heimen om verdiar og haldningar vi ynskjer fokus på i møte med barna
- ❖ Vere lydhøyre og fange opp kva barna er opptatt av
- ❖ Vere gode rollemodellar i møte med ulikskap
- ❖ Ha fokus på korleis ein snakkar til og er med kvarandre

(Rammeplanen, 2017)



PROGRESJONSMÅL – etikk, religion og filosofi	
1-2 år	Øve på å vente på tur og å dele Få byrjande innsikt i korleis eg er i møte med andre Delta i markering av ulike tradisjonar og høgtider
3-4 år	Vite noko om korleis vere ein god ven Byrjande evne til å samarbeide ved å hjelpe, dele, vise omsorg og empati Byggje eigen sjølvkjensle – verte trygg på seg sjølv i gruppa
5-6 år	Få kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristne tradisjonar Reflektere over verdien av mangfald og gjensidig respekt Samarbeide om oppgåver, planlegging og ha respekt for ulike løysingar

7.7. Nærmiljø og samfunn

Barn får innsikt i og erfaring med å delta i eit **demokratisk samfunn** gjennom å få medverke i eigen kvardag. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og omverda. Vi skal bidra med kunnskap og erfaring med **lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar** og **yrke**, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet. Fagområdet omfattar òg kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til kulturelt mangfald, ulike levemåtar og ulike familieformer.

Gjennom arbeidet med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna:

- ❖ Vert godt kjend i nærmiljøet og få kjennskap til bedrifter og institusjonar
- ❖ Vert kjende med bygda vår og kva den kan tilby
- ❖ Får kjennskap til samisk kultur ved å markere den samiske nasjonaldagen
- ❖ Får kjennskap til kulturelt mangfald og ulike levemåtar

For å nå måla skal personalet:

- ❖ Legge opp til turar i nærmiljøet
- ❖ La barna bli kjende med historia om Eidehovdingen og Jøtlamannen
- ❖ Fortelje barna om kommunen, kven som er ordførar og korleis kommunevåpenet ser ut
- ❖ Fortelje barna om den samiske kulturen, klesdrakt, mat, musikk og nasjonaldag
- ❖ La barna få innsikt i andre kulturar og samfunn

(Rammeplanen, 2017)

PROGRESJONSMÅL – nærmiljø og samfunn	
1-2 år	Verte kjend i nærmiljøet ved å gå/sykle på tur Bruke nærmiljøet sine varierte moglegheitar med alt frå natur til næringsliv Besøke og utforske Jølet
3-4 år	Stifte kjennskap til Jøtlamannen og Eidehovdingen Gå lengre turar i nærmiljøet Gå på bedriftsbesøk
5-6 år	Lære enkle trafikkreglar Nytte nærmiljøet aktivt i kvardagen Stifte kjennskap til skulen sin

8. Overgongar

Overgongar er ofte spanande, og nokre gongar litt skumle. Å starte i barnehage representerar for mange barn den største overgongen til no i livet. I løpet av barna sine år i barnehagen vil ein møte fleire mindre overgongar ved skifte av avdeling, fram til nok ein stor overgong ved skulestart. Uansett om overgongen er liten eller stor, kjekk eller skummel, tek vi vår rolle som trygge og nære vaksne på alvor. Vi vil hjelpe barna til å få ein best mogleg overgong og støtte dei utfrå sine individuelle behov.

8.1. Heim-barnehage

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent» (Rammeplanen, 2017). For å sikre ein god og trygg overgong første gong barnet byrjar i barnehage inviterar vi til eit besøk 1-2 månadar før oppstart der ein får treffe personalet og sjå seg litt rundt i barnehagen og på avdelinga ein skal høyre til. Ved barnehagestart reknar vi minimum tre dagar tilvenning der foreldra er med.


For at overgongen til barnehagen skal verte tryggast mogleg for barnet, er det viktig at foreldra gjev personalet informasjon som kan ha tyding for barnet sin livssituasjon. Dette er for at barnehagen skal kunne møte og forstå barnet best mogleg. Alle foreldre vert invitert til oppstartssamtale kort tid etter barnehagestart. Eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom heim og barnehage, er til barnet sitt beste.

8.2. Innad i barnehagen

For å sikre barna tryggleik når dei skal byte avdeling arbeider vi for at barna skal verte kjende med barn og personale i ny avdeling. I juni (avdelingsbyte skjer oftast i august) går barna saman med ein trygg vaksen på besøk til den nye avdelinga. Her får ein leike og vere med på aktivitetar saman med barna og personalet på den nye avdelinga. Målet er at barna skal gå på fleire slike besøk i løpet av våren og sommaren, saman med ein trygg vaksen. Pedagogane på dei to avdelingane barnet byter mellom har ei samtale slik at barnet kan få den beste starten på ny avdeling. Tidspunkt for når avdelingsbyte skjer får foreldra informasjon om i eit eige skriv, men foreldra treng ikkje følgje barna til ny avdeling då barnehagen sørgjer for at ein trygg vaksen er med barnet den første dagen.

8.3. Barnehage-skule

Siste året i barnehagen har barna ekstra fokus på å verte klar for skulen. Vi ynskjer å ruste barna for skulen gjennom å styrke dei i leiken, sjølvhevding, kommunikasjon og sosial kompetanse. I tillegg har vi eit ekstra fokus på trafiksikkerheit gjennom trafikk-maskoten Tarkus og vi arbeider med ulike tema i ei oppgåvebok kalla Trampoline.



Rammeplanen (2017) skriv at «barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten». For å sikre dette har Gloppen kommune utarbeidd ein plan for eksterne overgongar, der det er fastsett ulike tiltak for å sikre ein raud tråd i utdanningsløpet til barn og unge. Tiltaka går mellom anna ut på at kontaktlærer kjem på besøk i barnehagen, at førskulebarna besøkjer skulen sin, at ein har førskuledagar der barna møter fadderen sin og at personal i barnehagen og skulen møtast for ei overføringssamtale der viktig informasjon om barna er tema (foreldre gjev løyve til kva informasjon som vert overført i forkant).



9. Dokumentasjon og vurdering

«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda» (Rammeplanen, 2017, s. 39). Arbeidet i barnehagen synleggjer vi gjennom facebook, vigilo og bileter i garderoben/med heim inni mellom.

I følge Rammeplanen (2017) skal barnehagen regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i og dette kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Barnehagen har ulike verktøy for vurdering og nyttar vurderingskryss i dette arbeidet. Personalgruppa gjer seg refleksjonar på aktuelle områder der ein set ord på kva som har vore bra, kva barnehagen har gjort seg av erfaringar, kva som kan bli betre og korleis ein skal arbeide vidare.

10. Trygt lokalsamfunn

Gloppen kommune jobbar aktivt for å ha trygge lokalsamfunn. Barnehagen har interne rutinar som skal syte for at barnehagen er ein trygg plass å vere. Mona barnehage er opptatt av at barna skal ferdast trygt til og frå barnehagen, både i bil og til fots. På turar i barnehagetida brukar barn og vaksne refleksvestar. Dei vaksne er merksame på at dei er førebilete og nyttar oppmerka gangfelt/opphøga fortau og går på venstre sida av vegen når det ikkje er fortau. Barnehagen har sykkeldagar der vi sykklar i nærområdet rundt barnehagen. Barna skal til ei kvar tid ha hjelm og vest når ein sykklar.

